




Kundene er tydeleg tilfredse med butikken i Uskedalen

SPAR USKEDALEN har ingen formsvikt. Også i år toppar dei kundeundersøkinga som vart gjennomført i april og som omfattar 300 husstandar. Ei slik undersøking har no gått føre seg i 8 år og suksess-butikken her har gått til topps i 6 av dei.

Det er 280 SPAR-butikkar i landet og administrerende direktør i kjeden, Ole Christian Fjeldheim, har full dekning når han sleg fast: - Dette er sterkt levert! Med dette har butikken vår nok ein gong lagt eit godt grunnlag i tevlinga om å verta best i landet. Men då må alle kriteriane vere på plass. Avgjerda vert teke i september.



- Sterkt levert, seier SPAR-leiinga

Dei same spørsmåla blir stilt år etter år for samanlikninga si skuld og scoren til

Uskedalen-butikken har auka frå år til år. No enda den på ein snittscore på 5,38 medan SPAR Flatanger stoppa på 5,26 og SPAR Ådland Stord på 5,25. - Det er hard trening som ligg bak og vi innkasserar ingen siger på førehand, seier dagleg leiar Bente Nilsen til uskedalen.no og peikar på den knallharde konkurransen. Ho berømmar nok eingong dei ansatte for god innsats.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Ifjor haust var SPAR-sjefen Ole Christian Fjeldheim på besøk i Uskedalen og då var dette biletet teke saman med dei 3 innehavarane.